



Harald Rebnor Valle
Konglevoll 22
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8709 - 21/73210

Saksbehandlar:
Atle Magne Strandos
atle.magne.strandos@alver.kommune.no
o

Dato:
03.11.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 54/2 Konglevoll

Tiltak: Reidskapshus
Byggjestad: Gbnr: 54/2
Tiltakshavar: Harald Rebnor Valle
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 12.10.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Omsøkte tiltak ligg på eit areal/område som i vedtatt kommuneplan for Lindås er merka som H310 – Ras og skredfare (aktsemdområde snøskred, steinsprang og marin leire/kvikkleire). Det må utarbeidast fagkyndig geologisk rapport for å avklare om omsøkte tiltak kan gjennomførast og eventuelle sikringstiltak.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn innan [15.12.21]. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Som del av handsaminga vert søknaden oversendt landbruksmyndigheitene for uttale.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Atle Magne Strandos
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Harald Rebnor Valle

Konglevoll 22

5956

HUNDVIN